

Om regionalt planforum

Regionalt planforum er eit forum for å sikre samordning og samarbeid mellom lokale, regionale og nasjonale nivå i planlegging.

Plan- og bygningsloven § 5-3 slår fast at det i kvar region skal vere eit regionalt planforum. På www.regjeringen.no er det også lagt ut «Rettleiar om organisering og gjennomføring av regionalt planforum». Det er Telemark fylkeskommune som opprettar og koordinerer planforumet.

I regionen har vi som mål å utvikle det regionale planforumet som ein nyttig og attraktiv møteplass for å sikre gode planprosessar/utvikling av gode planar og for å styrke plankompetansen og -samhandlinga i fylket.

Planforumet skal mellom anna:

- være eit utviklingsorgan for å effektivisere og auka føreseieleg sakshandsaming og redusere konfliktnivået knytt til regionale og kommunale planar
- medverke til auka aksept og årsaker til ulike omsyn
- medverke til auka kunnskap om nasjonale og regionale føresegner
- stimulere til auka harmonisering av planar mellom kommunane og mot regionale planar
- gje grunnlag for utvikling og samordning av uttaler

Kommunane kan også sjølv be om og arrangere samhandlingsmøte med styresmaktene. Det er da mogleg å bruke tid avsett til planforum, men dette bør avtalast med fylkeskommunen for å unngå dobbeltbookinger.

Faste deltakarar i planforum

Frå fylkeskommunen:

- Leier av planforum/ plankoordinator
- Fast koordinator for plankoordinator
 - Mottek påmelding til planforum og sender møteinnkalling
 - Booking møterom og eventuelt møtemat
 - Skriv og sender ut referat i samarbeid med plankoordinator

- Hovudsakshandsamar
- Andre sakshandsamarar/ ulike fagfelt

(kulturarv, samferdsel, vatn, klima/miljø, Telemark natur og kulturpark, Regionageolog, Fenfeltet, reiseliv, Telemark kultur og naturpark, fleire?)

Statsforvalter og fylkeskommunen skal alltid møte.

- Kommunen (obligatorisk ved kommunal plansak)
- Andre kommunar (saker med stor verknad for andre kommunar)

Faste medlemmar som møter ved behov eller interesse:

- Villreinnemnd
- Statens vegvesen region sør – SVV
- Mattilsynet
- Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
- Direktoratet for mineralforvaltning – DMF
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap - DSB
- Jernbanedirektoratet
- Avinor
- Luftfartstilsynet
- Bane Nor SF
- Kystverket
- Geoparken
- Fiskeridirektoratet
- Havnevesenet
- Statsbygg
- Forsvarsbygg
- Bispedømmeråd
- Lede
- Andre...?

Møter og oppmeldingsfrist

Regionalt planforum blir arrangert onsdager mellom 09.00–11.00 eller 12.00-14.00 etter avtale.

Sak må meldast opp seinast 10 virkedagar før møtetidspunkt på eit eige påmeldingsskjema www.telemarkfylke.no. Sjå møtekalender og ta kontakt før påmelding.

Fylkeskommunen deler seg. I Telemark vert det avhalde planforum i partalsveker i 2024. (Fylkeshuset i Tønsberg i oddetalsveker).

Førebuing til møte i forum

Kommunen

- Kommunen avgjer om og når det er behov for møtetid i regionalt planforum. Dette skjer i samråd med fylkeskommunen. Kommunen er ansvarleg for påmelding til planforumet.

- Sentrale opplysingar til sak med relevante vedlegg, meldast inn på eige skjema som ligg på www.telemarkfylke.no. Hovedspørsmål og utfordringar må gå klart fram av oppmeldingsskjemaet.
- Saken må meldast inn så snart som råd og sendast fylkeskommunen innan 10 virkedagar før møtedato avtalt. Det kan avtalast annan dato.
- Fylkeskommunen skal sende ut saksdokument til aktuelle partar 10 virkedager før møte skal avholdast på outlook/mail. Kommunen har selv ansvar for å videresende møteinnkalling internt og til f.eks. utbyggjarar og konsulentar som kan deltake.

Regionale etatar

- Regionale etatar må førebu seg på sentrale spørsmål i sak som er av nasjonal og regional interesse, eventuelt andre sentrale opplysninger som det er viktig å melde kommunen.
- I møtet skal det bli gjeve så tydelige signaler som mulig. Det gjelder spesielt plansaker som ikke er på høring. Der det er vanskeleg å gje tydelege signal i møtet kan dette bli fulgt opp med en tilbakemelding eller eit eige møte i etterkant.
- Tilbakemelding i møteforumet erstattar likevel ikkje høringsuttaler etter pbl, og kan ikkje forskuttere styresmakten si heilskaplege vurdering frå kunnskap og utgreiing som blir vert kjent fyrst seinare i planprosessen.

Struktur under møtet

- Tidsramme for møtet blir avklart i kvar sak.
- Møteleder innleier, klargjer mål for møtet og seier litt om rollefordelinga og korleis møtet er strukturert, kva forventningar ein har, og kor mykje tid det er sett av til møtet.
- Kommunen gjev ei kort orientering, og formidler kva spørsmål det er viktig å få teke opp i møtet (5-15 min).
- Dersom utbyggjar og/eller konsulent deltek, gjev disse oftast tid til ei kort orientring om planen og dei spørsmål som det er viktige å ta opp og drøfte i møtet (10 min). Dersom utbyggjar og konsulent ikkje deltek gjer kommunen sjølv denne orienteringa.
- Deltakarane i planforumet stiller oppklarende spørsmål til kommunen og utbyggjar. Dei regionale og **regional stat**/nasjonale representantane signaliserer sitt syn på planen ut frå sine ansvarsområde.
- Møteleier oppsummerer, og formulerer dei signala planforumet kan gje, evt. avklarar behov for oppfølging (maks. 5 min).

Referat

- Eit kort referat frå møtet blir utarbeidet og sendt møtedeltagerne til godkjenning.
- Referatet skal gje signal om viktige forhold/temaer som ble tatt opp, og som er av stor innverknad på planen, herunder varsle om vesentlige regionale og nasjonale interesser.
- Dei regionale og statlige etatane kan på bakgrunn av nye opplysningar som kjem fram i møtet ha behov for å drøfte sak internt før referat/**tilbakemelding** sendast ut. I slike tilfeller vil dette blir formidla til kommunen seinest ei veke etter planforumet vert avhalde eller gjennom referatet.

Saman om planforum

Dei ulike deltakane i planforum har god erfaring i å møtast og å bli kjent med plansakene tidlig i planprosessane.

Fylkeskommunen ønsker at vi saman vil utvikle Regionalt planforum som ein nyttig og attraktiv møteplass både for å sikre gode planprosesser/ planer, og for stadig å styrke plankompetansen og samhandlinga i fylket. Vi ber derfor også om tilbakemeldinger om ting vi kan gjøre bedre.

Påmelding til regionalt planforum

Fylkeskommunen syner til at kommunane si påmelding med klare spørsmål til styresmaktene, inkludert utfyllande bakgrunnsmateriale, er viktig for føresetnader for korleis dei ulike instansene er førebudd og om dei vel å møte.

Kommunes orientering i sjølve møtet er i tillegg også eit godt høve for kommunen til å presentere forhold som gjeld planen både på overordna og detaljert nivå. For dei ulike aktørene er det nyttig å høyre den same presentasjonen og å kunne stille avklarende spørsmål i same rom.

Har du spørsmål?

Ta kontakt med

Hanne Birte

Hulløen

Plankoordinator

Telefon 90176796

Hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no

eller

Heidi Jønholt

Koordinator for planforum

Telefon: 41484135

Heidi.jonholt@telemarkfylke.no

o